

## OM PROSEDYRAR VED MELDING TIL BARNEVERNET

Dersom offentlig tilsette har grunn til å tru at eit barn vert utsett for alvorleg omsorgssvikt/mishandling, har dei plikt til å melde saka til barnevernet. Offentlege tenestemenn/-kvinner kan ikkje krevje å vere anonyme. Private bør også ta kontakt med barneverntenesta dersom ein meiner eit barn vert utsett for omsorgssvikt eller mishandling.

Ei bekymringsmelding til barnevernet kan skje via telefon, ved å vende seg til kontoret direkte, eller fylle ut eit meldeskjema. I følgje Lov om barneverntenester, § 4-3, har barnevernet rett og plikt til å føreta ei vidare undersøking dersom det er rimeleg grunn til å tru at det føreligg forhold som kan gi grunnlag for tiltak etter denne lova.

Barneverntenesta i Sandøy kommune har ikkje kriseberedskap etter opningstidene på kontoret.

I akutsituasjonar utanom arbeidstid kan du kontakte:  
Politiet, telefonnummer 02800, eller  
Legevakta, telefonnummer 71 27 69 99.

Barneverntenesta i Sandøy kan kontaktast slik:

Telefonnummer	74 73 38 60
Postadresse	NAV Sandøy Barneverntenesta 6487 HARØY
Besøksadresse	NAV Sandøy